



# Å KOM, VIL I HØRE EN VISE OM GJEST!

**FOREDRAG, SONG I GRUPPER, KVEDAR-  
KVELD, JUBILEUMSMIDDAG OG -FEST**  
24.–26. mars 2023, Sogn Folkemuseum, Kaupanger

Årets kvedarseminar handlar om meistertjuven og forfatta-  
ren Gjest Baardsen (1791–1849). I tillegg feirer Norsk Kved-  
arforum 20 år med ein jubileumsmiddag og påfølgjande ju-  
bileumsfest!

Gjest Baardsen var kjent over heile landet som vanekriminell,  
men sidan også som diktar av sær mange skillingsviser og dikt.  
I seminaret vil du få større innsikt i historia og songane til Gjest  
Baardsen. Seminaret går føre seg på Sogn museum i Kaupanger.  
Bygda har eit levande kvedarmiljø i ulike aldrar der Kvedarfor-  
um si eiga Judith Vestreim er pådrivar og eldsjel. Du får lære vi-  
ser av Judith Vestreim, Hildur Øygarden og Jens Brekke og det  
blir foredrag med historikar og Gjest Baardesen-formidlar Yngve  
Nedrebø. Du får også med deg jubileumsmiddag og tilhøyrande  
konsert og kvedarkveld. Helga blir avslutta med guida tur til sta-  
der i området der Gjest Baardsen budde og uppheldt seg.

**Påmelding/program:** [www.deltager.no/event/gjest22](http://www.deltager.no/event/gjest22)

**Kursavgift:** Ikkemedlem kr. 1.200 | Medlem kr. 800 |  
Student kr. 500 Jubileumsmiddag kr. 300,-

**Reise** frå Oslo tek ca 4,5 time i bil og det går bære buss  
og fly.

**Overnatting** ordnar deltakarane sjølve. Vi foreslår  
Vesterland Feriepark, Hytter, 10 min gangveg til museet.  
Tlf. 57627100, heimeside: <http://vesterland.no> eller  
Kjørnes Camping, moderne og velhaldne hytter, 10 min  
med bil eller 40 min å gå i vakre omgivnader Tlf 975 44  
156, [www.kjornes.no](http://www.kjornes.no). For rimelige re overnatting kan du gå  
saman med nokon og ligge fleire personar på ei hytte (søk  
etter likesinna på Kvedarforum si Fjesbokgruppe!).

**VELKOME TIL SEMINAR OG JUBILEUM I SOGN!**

Arr: Norsk kvedarforum, i samarbeid med Sogn Folkemuseum Kontaktperson: Judith Vestreim, tlf: 944 33 996